

Årsmøte Silda Velforening 2017

Vart avvikla på Silda Grendahus -- laurdag 15. april kl 14.00 – 16.15

1. Godkjenning av sakliste

Ein person bad om at innkalling, med sakliste og årsmelding, vert sendt ut pr. post.

Å sende ut 50 brev vil koste nær 1000 kr pr år. + mykje ekstra arbeid.

Vart ikkje teke opp til avrøysting

2. Val av møteleiar og referent

Vedtak: Leiar Kari Sølvberg Silden vart vald til møteleiar, Paul Sundnes til referent.

3. Årsmelding -for arbeidsåret 2016 (påska 2016-påska 2017)

Årsmelding vart opplesen. Ingen bad om endring eller kommentar.

(årsmeldinga utdelt på møtet var ei tidlegare utgåve. Rett finn du på silda.com-- innhaldet er/var likt)

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend.

4. Rekneskap for 2016.

Rekneskapen vart lagt fram av kasserar Kjell Rune Gangsø.

Det var utarbeidd parallellført rekneskap for 2016/2015.

Balanse pr 31.12.16 var på kr 16.433

Vedtak: Rekneskapen teken til vitande.

5. Oppgåver/Budsjett for 2016.

Det står att arbeid med stien Jonshaugen rund, og rundt Djupevågen, samt utarbeiding av nytt turkart med skiltplate. Dette må vere ferdig før ein får sluttbeløpet frå Gjensidigefondet.

Kostnad (avsett i 2016) ca 10.000 kr

Paul vil fullføre dette arbeidet etter at Vågsøy kommune har fått ferdig kartgrunnlaget.

Paul, saman med Magne og Jarl Magne blinker ny sti rundt Jonshaugen.

Må opparbeidast som dugnad sommaren 2017

Planting langs vegen - sommaren 2017- avsett ca 4000 kr

Det er disponible plantekasser i bedhuskjellaren. Plantekrukkene som er oppsett på stolpane må også få planter, men først etter at nokon vil ta ansvaret for vatning og stell.

Alle plantekassene bør bli «adopterte» av folk som ofte er på øya. Vatning er stikkordet.

Silda Velforening held plantejord.

Paul kjøper planter på Kvalsund gartneri, etter at det er bestemt kor mange kasser som skal utplasserast.

6. Innkome saker:

a. Bossordninga for Silda

Fleire er bekymra over at kapasiteten til søppelkontainarane er for liten i påske og fellesferien.

Styret har hatt fleire kontakter med Nomil, men dei meiner at kapasiteten er stor nok for dei som er registrerte brukarar. Kontainarane skal nyttast til restavfall og kjøkkenavfall. Skal ikkje nyttast til byggeavfall, møblar, målingspann o.l.

Held folk fram å overfylle kontainarane med slike søppel står Silda i fare for å miste ordninga.

Nomil opplyser «skal det fleire kontainarar på kaia må Silda Velforening bere kostnaden». Kari S vart beden om å undersøkje kva kostnaden vert med ein ekstra tøming kvar veke i juli. Styret får vurdere.

Vedtak: Silda velforening må drive informasjon for å få folk til å følgje vedtekne reglar.

Silda velforening må på Silda.com/Facebook informere om dette.

Det bør fremjast forslag overfor Nomil om sjeldnare tøming om vinteren, og kvar veke i ferieperioden.

I dag er det tøming ved behov, samordna med mottek på land.

b. Hyttevaktmeister.

Det vart fremja ønske om å få organisert ei teneste, som folk kunne få leige, til å utføring mindre arbeid på sine ferieeigedomar.

Vedtak: Dette er ei sak med for mange sider til at SildaVelforening bør engasjere seg med dette. (skatt,arbeidsgjevaransvar, rekneskap)

7 Val:

Valet i 2016 vart gjort utan valnemndsarbeid, styret vart derfor attvalde.

I år har alle sagt frå seg attval. Det har vore arbeidd for å få nye til å stille men det er vanskeleg.

Framlegg: Tore Johansen (har sagt seg villig)

Paul Sundnes (sa seg villig til å stå nok eit år)

Jarl Magne Silden

Unni Silden Hennøen

Kari Sølvsberg Silden sa ja til å vere vara

Valde til styret: Tore Johansen, Unni Silden Hennøen, Paul Sundnes

Valde til vara: Jarl Magne Silden og Kari Sølvsberg Silden

Valde til revisorar: Kjell Rune Gangsø og Sindre Langlo

Alle val ved akklamasjon

Reff. Paul S.